

Eksamen

21.11.2019

LBR3003 Gardsdrift / Gårdsdrift

Programområde: Landbruk

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Vedlegg 1 (Økonomisk oversikt)
Vedlegg som skal leverast inn	Vedlegg 1 (Valfritt for oppgåve 5)
Informasjon om vurderinga	<p>Når du løyser oppgåvene må du beskrive og grunngi vala du tar. <u>Det er svært viktig å disponere eksamenstida godt, slik at du kan svare grundig på alle oppgåvene.</u></p> <p>Du viser elles kompetansen din i faget ut frå kompetansemåla i læreplanen ved å:</p> <ul style="list-style-type: none">• presentere og bruke fagstoff, og grunngi synspunkta dine og forslaga dine til løysing på oppgåva.• ta med ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillingane i oppgåva.• gjere greie for resultatet/konsekvensane av dei faglege vala dine.• beherske relevante grunnleggjande ferdigheiter.• bruke eksempel der dette er relevant.• bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på ein formålstenleg og påliteleg måte.
Andre opplysningar	Oppgåvesettet inneheld oppgåvene 1, 2, 3, 4 og 5 som skal svarast på. På oppgåve 5 kan du velje om du vil føre berekningane inn i vedlegg 1 og levere dette, eller føre berekningane inn i sjølve svaret på oppgåva.

«Case»/bakgrunn for oppgåva:

Kari skal overta farsgarden. Ho er nyutdanna agronom, og har nyleg gifta seg med naboen sin son Ola, som er snikkar.

Kari og Ola er begge svært interesserte i å starte og drive eit gardsbruk. Dei har to barn som har plass i barnehagen i bygda.

Kari har to eldre søsken.

Farsgarden til Kari har følgjande ressursar:

- 250 dekar fulldyrka jord
- 100 dekar innmarksbeite
- 1000 dekar utmark, av dette 300 dekar produktiv skog
- Moglegheiter for nydyrking av omlag 150 dekar
- Det er også gode moglegheiter for å få leige 100 dekar fulldyrka jord
- Eigedomen har gode moglegheiter for jakt og fiske
- Driftsbygning for mjølkekyr er frå slutten på 1970-talet. Dette er eit båsfjøs med plass til 20 årskyr
- Mjølkekvota i dag er på 160 tonn
- Reiskapshus som treng omfattande restaurering

Kvar i Noreg garden ligg, og andre opplysningar du treng for å løyse oppgåvene nedanfor, må du føresetje sjølv.

Oppgåve 1

Kva for utfordringar i lovar og regelverk kan Kari møte når ho skal ta over garden? Korleis bør ho gå fram for å løyse desse?

Oppgåve 2

Kari og Ola diskuterer om dei skal utvide dagens driftsform, eller leggje om til andre driftsformer på garden. Ein føresetnad er at all dyrka mark på garden skal drivast.

Drøft alternative aktuelle driftsformer, og gjer eit grunngitt val av framtidig omfang og driftsform på garden.

Oppgåve 3

Etter at Kari og Ola har overtatt garden, har dei fått tilbod frå nokre omreisande arbeidskarar som er interesserte i tilfeldig snikkararbeid. Kari og Ola vurderer å tilby dei arbeid med å restaurere reiskapshuset.

Kva bør dei tenkje grundig gjennom før dei tilset desse arbeidskarane?

Oppg ve 4

Beskriv offentlege st tteordningar som Kari og Ola kan s kje p , med tanke p  den produksjonen som er valt, milj  tiltak og investeringar p  garden.

Oppg ve 5

Ut fr  valet av driftsform du gjorde i oppg ve 2 skal du setje opp ei  konomisk oversikt som resulterer i driftsoverskot i jordbruket.

Vis kva slags berekningar du gjer.

Til dette kan du bruke vedlagde skjema: (Vedlegg 1:  konomisk oversikt).

Du skal ha med:

- a) Samla dekningsbidrag
- b) Produksjonstilskot (vis utrekningar)
- c) Faste kostnader utan avskrivningar
- d) Avskrivningar. Set verdi maskiner til 1.000.0000,- og verdi bygg 3.000.000,-

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Vedlegg 1 (Økonomisk oversikt)
Vedlegg som skal leveres inn	Vedlegg 1 (Valgfritt for oppgave 5)
Informasjon om vurderingen	<p>Når du løser oppgavene må du beskrive og begrunne valgene du tar. <u>Det er svært viktig å disponere eksamenstiden godt, slik at du kan svare grundig på alle oppgavene.</u></p> <p>Du viser ellers kompetansen din i faget ut fra kompetansemålene i læreplanen ved å:</p> <ul style="list-style-type: none">• presentere og bruke fagstoff, og grunngi synspunktene dine og forslagene dine til løsning på oppgaven.• ta med ulike synspunkt og løsninger som er relevante for problemstillingene i oppgaven.• gjøre greie for resultatet/konsekvensene av de faglige valgene dine.• beherske relevante grunnleggende ferdigheter.• bruke eksempel der dette er relevant.• bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på en formålstjenlig og pålitelig måte.
Andre opplysninger	Oppgavesettet inneholder oppgavene 1, 2, 3, 4 og 5 som skal besvares. På oppgave 5 kan du velge om du vil føre beregningene inn i vedlegg 1 og levere dette, eller føre beregningene inn i selve besvarelsen.

«Case» / bakgrunn for oppgaven:

Kari skal overta farsgården. Hun er nyutdannet agronom, og har nylig giftet seg med naboens sønn Ola, som er snekker.

Kari og Ola er begge svært interessert i å starte og drive et gårdsbruk. De har to barn som har plass i bygdas barnehage.

Kari har to eldre søsken.

Farsgården til Kari har følgende ressurser:

- 250 dekar fulldyrket jord
- 100 dekar innmarksbeite
- 1000 dekar utmark, herav 300 dekar produktiv skog
- Muligheter for nydyrking av omlag 150 dekar
- Det er også gode muligheter for å få leie 100 dekar fulldyrka jord
- Eiendommen har gode muligheter for jakt og fiske
- Driftsbygning for melkekyr er fra slutten på 1970-tallet. Dette er et båsfjøs med plass til 20 årskyr
- Melkekvoten i dag er på 160 tonn
- Redskapshus som trenger omfattende restaurering

Hvor i Norge gården ligger, og øvrige opplysninger du trenger for å løse oppgavene nedenfor, må du forutsette selv.

Oppgave 1

Hvilke utfordringer i lover og regelverk kan Kari møte når hun skal overta gården? Hvordan bør hun gå fram for å løse disse?

Oppgave 2

Kari og Ola diskuterer om de skal utvide dagens driftsform, eller legge om til andre driftsformer på gården. En forutsetning er at all dyrka mark på gården skal drives.

Drøft alternative aktuelle driftsformer, og foreta et begrunnet valg av framtidig omfang og driftsform på gården.

Oppgave 3

Etter at Kari og Ola har overtatt gården, har de fått tilbud fra noen omreisende arbeidskarere som er interessert i forefallende snekkerarbeid. Kari og Ola vurderer å tilby dem arbeid med å restaurere redskapshuset.

Hva bør de tenke grundig gjennom før de ansetter disse arbeidskarene?

Oppgave 4

Beskriv offentlige støtteordninger som Kari og Ola kan søke på, med tanke på den produksjonen som er valgt, miljøtiltak og investeringer på gården.

Oppgave 5


Ut fra valget av driftsform du gjorde i oppgave 2 skal du sette opp en økonomisk oversikt som resulterer i driftsoverskudd jordbruket.

Vis hvilke beregninger du foretar.

Til dette kan du bruke vedlagte skjema: (Vedlegg 1: Økonomisk oversikt).

Du skal ha med:

- a) Samlet dekningsbidrag
- b) Produksjonstilskudd (vis utregninger)
- c) Faste kostnader uten avskrivninger
- d) Avskrivninger. Sett verdi maskiner til 1.000.000,- og verdi bygg 3.000.000,-



www.vigoiks.no/eksamen